

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

F. Erkebispegarden

[889] *ERKEBISPEGARDEN II*. (Tidlegare omtala: NOR 1995: 14; Seim 1999: 352.)

Innskrifta vart oppdaga i 1994 på sjette stein over terskelen på høgre side i austre portal under utvendig trapp inn mot gardsplass. Innskrifta står om lag 10 cm over nedre kant på steinen og ca. 20 cm inn frå den profilerte kanten. Runene er laga med skarp reiskap og er svært tynne i risset. Av den grunn er dei ikkje lett synlege. Innskrifta er 44 mm lang (stav til stav) og skrår svakt nedover i leseretninga. Runene er 28 - 33 mm høge. R. 1 har godt bevart stav og to ikkje heilt parallelle kvistar opp mot høgre. R. 2 har godt bevart stav og svake restar av ein nokså rakt dregen boge ned til grunnlina. Slik runa er bevart, er det ikkje lenger synleg kontakt mellom topp av stav og boge. Etter r. 2 er det drege eit riss av same tjukkeleik med tilsvarende reiskap som den runene er rissa med. Streken går over heile steinen og har heilt klart ingenting med innskrifta å gjera. R. 3 har vél bevart stav med boge litt ovanom midten. Frå det punktet der nedredelen av bogen når inn til staven, går det eit lite snitt ned til høgre som om rissaren har byrja på ein **r**, men så ombestemt seg. Slik runa står lyt ho lesast som **p**. R. 4 har stav som er litt skadd midt på.

To parallelle kvistar ned mot venstre er godt bevarte, den eine nokså høgt oppe, den andre ganske langt nede mot grunnlina for innskrifta. Det kan såleis sjå ut som om den uklåre delen av staven skuldast eit hardt felt i overflata av steinen, og at kvistane er sette i høve til det. Runa må lesast som sikker **o**. Etter r. 4 er øvre og nedre del av ein stav bevart, sameleis delar av ein boge på nivå med den bevarte øvre delen av staven. Runa må kunna oppfattast sikkert som ein skadd **r**.

ƿ ᵿ þ ǿ [R]

f u p o [r]

Det lette og tynne risset tyder på at dette **fupork**-fragmentet er fort og tilfelleleg gjort. Slike ufullførte **fupork**-innskrifter finst det mange parallele døme på i ulike samanhengar. Måten det er gjort på her, tyder vel mest av alt på at også **fupork**innskrifter kunne skriblast ned som tidtrøyte eller liknande.